

NORSK KULTURRÅD  
Postboks 8052 Dep  
0031 OSLODato: 18.10.2017  
Vår ref.: 2014/11838-5  
Saksbehandlar: elibjor  
Dykkar ref.:

Att. Lars Rogstad

## Omdisponering av midlar til prosjektet Digital formidling på Vestlandet – svar på spørsmål frå Kulturrådet

Vi viser til e-post frå fylkesarkivaren, dagsett 10. mars 2017, med spørsmål om omdisponering av løyvde midlar frå prosjektet Digital formidling på Vestlandet til kunnskapsbasen Grind. Kulturrådet etterspør i e-post frå 4. mai meir informasjon i saka.

Kulturrådet spør om Fylkesarkivet sitt bidrag inn i det opprinnelege prosjektet på 100 000 kr. og omsøkt tilskot frå fylkeskommunen på 500 000 kr skal overførast til Grind-prosjektet. Vidare ber Kulturrådet om i kva grad mottakarprosjektet Grind har levert i høve den opprinnelege prosjektplanen, og om konkrete aktivitetar og resultat i Grind-prosjektet som den eventuelle overføringa skal bidra til.

Til det første spørsmålet viser vi til sak og vedtak i PS 104/2017 i Fylkesutvalet, møte 3. mai i år:

1. Fylkesutvalet ser Universitetet i Bergen sin kunnskapsbasen Grind som ein framtidsretta digital satsing.
2. Fylkesutvalet vedtek å disponere midlane som er avsett til digital formidling på kr. 515 000 fordelt over 3 år til fagleg utvikling og samarbeid med kunnskapsbasen Grind
3. Fylkesutvalet set som føresetnad at midlane vert knytt opp mot fylkeskommunale satsingar som kulturminneplanar i kommunane, utvikling av nettstadane til biblioteka, NDLA (digitale læremiddel for vidaregåande opplæring) og andre digitale kultursatsingar på Vestlandet.

Inkludert i dei 515 000 kr er midlane som ein no søker omdisponert frå Kulturrådet. Det betyr at pr i dag utgjer det fylkeskommunale bidraget inn i prosjektet 265 000 kr. I tillegg vil Kultur- og idrettsavdelinga setje av administrative ressursar til prosjektet, mellom anna er Fylkeskulturdirektør med i redaksjonsrådet til Grind. Vi er kjent med at til drift av Grind.no er det søkt driftsmidlar frå fylkeskommunen for 2018 på kr. 150 000. Ein gjer her merksam på at slike søknader om driftsstøtte vert handsama av fylkestinget i desember.

Til spørsmål om Grindprosjektet, viser vi under til uttale frå Jo Høyer, prosjektleiar for utvikling av grind (i kursiv):

*Kulturrådet siktar til og ber om utfyllande opplysningar om prosjektet « Grind- din mobile grindagut» som vart gjennomført etter planen i 2013. Dette var ei utprøving av ein mobil applikasjon med utgangspunkt i stoff frå vegbøkene/grind.no henta frå Kvinnherad. Dette pilotprosjektet vart gjennomført med midlar frå UiB/ Universitetsmuseet, Statoil, Folgefonna nasjonalparksenter og Kulturrådet. Tilbakemeldinga frå brukarar på innhald og funksjonar var gode (sjå vedlagte evalueringsnotat). «Grind – din mobile grindagut» må ikkje forvekslast med utviklinga av nettstaden grind.no, som er den digitale kunnskapsportalen som dekkjer heile Hordaland, no tilgjengeleg på ulike plattformar.*

### **Grind.no**

*Det er til no ikkje søkt midlar frå Kulturrådet til utvikling av nettstaden grind.no som og omfattar det viktige arbeidet med å få denne digitale ressursen i aktiv bruk blant lokale brukarar, skule- og utdanningsverk og reiseliv m.v. Her ser vi eit stort potensiale som det no vert arbeidd målretta med. Grind. no skal være eit springbrett til at folk, elevar, tilreisande og andre kjem seg ut og aktivt oppsøker ulike lokalitetar som ligg i nærområdet. Konkret arbeider vi no og med å få til eit samarbeidsprosjekt med utvalde lærarar/ vidaregåande skular til å bruke grind.no.*

*«Din mobile grindagut» nytta berre ein liten del av grindstoffet, i ein eigen applikasjon. Erfaringa frå dette var at vi ikkje ville utvikle eigne applikasjonar, men heller ha ei løysing som no der nettstaden er tilgjengeleg og funksjonell på alle mobile plattformar. Den nye versjonen av grind.no, som vart lansert i desember 2016, har denne løysinga. No gjeld det at nettstaden blir teke i bruk av stadig fleire, der samarbeidet med lokale aktørar og brukarar er særst viktig.*

*UiB og Universitetsmuseet legg no inn ein stor innsats på å utvikle og drifte kunnskapsportalen. Her er ei rekkje oppgåver, m.a. utvikling og oppdatering av innhald på norsk og engelsk, kontakt med forfattarar og brukarar, utvikling av nye funksjonar og koordinering. Universitetet og museet har tilsett ei halv redaktørstilling til dette, i tillegg til timeinnsatsen av fagleg hovudredaktør tilsett ved UiB. I tillegg er mange involvert i produksjon av nytt stoff, og utvikling av skole og kulturprosjekt. Det er særskild behov for midlar som gjer det mogleg å legge inn tekst og foto til nye stader og temakapittel, til å dekke publiseringsretter og kostnader ved å etablere lokalt samarbeid.*

Som vedlegg til brevet er *Evaluering av mobilapplikasjonen Grindagut* og prosjekttale.

Vi håpar at dokumenta gir eit godt bilete av prosjektet som heilskap og såleis grunnlag for omdisponering av midlane.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

Elisabeth Bjørsvik  
kst. fylkesarkivar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*